

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Otterøy

Emne: Skav

Bygdelag: Hammes-Skomsvoll

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19

Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Noko sers bygdenamn på dette minnest eg ikkje, viss det da ikkje skulle vera "raskfor", for ei samnemning på dette arbeidet er "årask attåt".
2. Nei, ikkje det eg veit.
3. Skava, skeg, skov, skevi (eller skavi) (ingen j-lyd i notid)
4. Ja. Namnet er skav. I gamal tid var det nokså ålment, i seinare tid berre som naudfor, no visstnok nesten slutt.
5. Rogn mest ålment, også osp har vori brukt, men best var nok alm, har eg høyrd. Men det er lenge sidan det var noko att av alm her. Har ikkje høyrd at dei nytta skav av furu, men dei hengte inn furukvist til mat for småfeet, eller furukvist vart køyrd heim i dungar, og småfeet henta seg sjølv mat her, bar og bork. Ja, ikkje berre furukvist, men også gråkvist.
6. Nei, men namnet skjevill om rognlumpar som er avskevi.
7. Nei, men det var nesten som eit ordtak at skav, iser ospeskav, sette merg i beina.
8. Det var nok kyrne som fekk skavet. Småfeet måtte nok helst sjølv ut og gnage. Eg trur eg har høyrd at hesten fekk ospeskav, og det skulle han bli sterk av, men det var visst ikkje ålment. Skavet vart enten gjevi kyrne i båsen eller gjevi dei i stampar saman med stråfor som var bløytt med vatn, gamalt att ofte med varmt vatn. Krøtera fekk da i seg laugen av både stråforet og skavet. At dei nytta skav av older, har eg ikkje høyrd, men når nauda er, nyttar ein alt.
9. Såvidt eg forstår trudde dei at litt høvelig mee skav gjorde både dyra sterkare og avdrotten betre. Meir veit eg ikkje om det.
10. Det var så ymse med det. Somtid kunne ein hogge og køyre heim skavved og annan ved samstundes, når ein altså hogg i blandingsskog. Det var berre den skilnaden at av skavveden vart alt køyrd heim, også kvisten, og den veden som var avskevi, vart jo brukt til brenneved. -- Men det hendte nok også ofte at ein drog til skogen berre for å hente skavved. Det ein skev av hesjeveden veit eg aldri har vori brukt til krøtera, men eg trur lell at det kan ha vori gjort.
11. Eg veit ikkje anna mann enn skavskogen: ein er i skavskogen.
12. Ein hogg skav, køyrer heim skav.
13. Det ordet er ukjent her i den tydnad, men det finst kanskje i annan tydnad: Eg markar ikkje meir (orkar). Men det er no lenge sidan eg har høyrd dette ordet brukt.

- 2
14. Det var nok helst ut på etterjulsvinteren. Eg har ikkje høyrd om at det skulle vera hardare enn anna arbeid. Det meire under dette punktet kjenner eg ikkje noko til.
  15. I stua som kveldsetarbeid. Til dei deler av treet som var for svære å ta inn i stua brukta dei øksa ute ved vedskjulet,
  16. Eg minnest berre det vart brukt vanlige tolleknivar
  17. Skavveden vart saga i lumpar som vanlige vedlumpar og bori inn i stua så han tina, og borken vart så skevi tå med kniven. Dei tynnaste kvistane vart brotne med handa (brom). Hesjeved vart her avskevi med øksa ute. Ellest er alt det som er nemnt under dette punktet, ukjent for meg.
  18. Eg kjenner ikkje til noko av det som er nemnt under dette punktet.
  19. Dei sat på vanlige stolar eller skamlar (helst), og vende seg mot ein vegg eller kråa, helst med det eine beinet over det andre med knea i vinkel, la den lumpen som skulle skavast, på skrå over låret straks ovafor knea, heldt lumpen med venstre handa og skov borken av med høgge.
  20. Den veden borken er skevi av, kallar ein skjevill.
  21. Kjenner ikkje til noko sånt namn.
  22. Har svara på dette under eit tidligare nr. (punkt).
  23. Skjevill bør vel helst ikkje ha fleirtal, men gå inn under stoffsnamna. Skal det ha fleirtal, vil det her heite: skjevill - skjevillen - skjevillar - skjevillane.
  24. Det var nok meininga at skavet helst skulle skavast smått. Dyra likte det da best. Alt av borken vart avskevi. Men beste og finaste skavet var av kvistane.. Eg veit ikkje det vart skevi så djupt at noko av vedlaget fylgde med. Noko faste reglar som svarar til dette punktet har eg ikkje høyrd om.
  25. Til brenneved. Når skjevillen var turr, gav han sterkare varme enn bjørkved, så det er trulig dei brukte han til å elde varm bakaromnen.
  26. Her i bygdelaget veit eg berre ein mann som brukar skavnår det knip, og han kan få fatt på det. Eg hugsar det vart brukt meir ålment i vårknipa i 1880åra når det rettelig kneip. Ellest trur eg den ålmene bruken vart slutt for på lag 100 år sidan.